


Ei kompakt byhistorie  
ANALYSEHEFTE


HILDE NESSA OG ANETTE HELSTAD



## INNHALDSFORTEKNING

---







---

## INTRO TIL PROBLEMSTILLINGA

Vi vil utføre ei mogelegheitsstudie på transformasjonsområdet Skutvika i Ålesund. Vi vil i denne samanheng utforske stadsidentitetane til Skutvika, ransonene og Ålesund som heilheit for å finne føringar for utviklinga av Skutvika.

Vi ønsker å sjå på det som har vore, det som er og finne moglegheitar for framtida. Vi ønsker å undersøke og analysere typologiar, landskap, gatenettet, identitetsmarkørar og liknande.


Det overordna målet er at vi vil teikne ein bydel som er god å bu i, gjennom mogelegheitsstudier.





SKUTVIKA


---



## ANALYSE

---

Intro til byen	s.11
Intro til tomta	s.17
Byutvikling og folkevandring	s.23
Bymiljø og fasadar	s.35
Typologi og tettleik	s.47
Identitet	s.69
Landskap og forbindelsar	s.83
Næringsliv og viktige bygg	s.95
Trafikk	s.103
Klimatiske tilhøve	s.115
Menneska	s.119
Referansar	s.129



# ÅLESUND




## INNBYGGJARAR

50 917 (2015)<sup>1</sup>



## KOMMUNIKASJON

Ålesund ligg i enden av E136, er fast stopp for Hurtigruta og ligg 25 min til flyplassen Vigra. Timeekspress til Molde og Volda og daglege bussruter til Trondheim, Bergen og Oslo.



## VIKTIGASTE NÄRNG

Ålesund er Norges største fiskerihamn, tredje største containerhavn og fjerde største eksport havn.<sup>2</sup>



## UTDANNING

Ålesund er, etter fusjonen med NTNU 1.januar 2016, ein universitetsby med campus på Nørve, midt mellom Ålesund og Moa.




## TURISME

Ålesund er Norges 5.mest kjende turistby, er kåra til Norges vakraste by ved ein rekke høve. Av 400.000 besökjande i 2011 kom 200.000 frå cruiseturisme.<sup>3</sup>



## STRATEGI

BY- GREP



## PLASSERING

Ålesund er den største byen mellom Bergen og Trondheim, i tillegg til å vere det største vekstområdet i regionen. Byen har dei siste åra etablert seg som eit viktig kunnskapssenter, nyleg ved å fusjonere med NTNU og ligg nær den maritime clusteren i Ulsteinvik. I tillegg til å vere ein turistdestinasjon i seg sjølv, ligg Ålesund sentralt til som turistsenter for turar til Geirangerfjorden, Trollstigen, Flø, Atlanterhavsparken, Loen og Olden. For å kunne styrke denne posisjonen vidare inn i framtida, må Ålesund tilrettelegge for fortetting og ei heilskapleg byutvikling. I denne samanhengen er Skutvika eit særleg attraktivt område å utvikle og fortette, grunna nærliken til bykjerna og sjøen.


## KORT OM BYEN

Ålesund ligg midt i fjordsystemet på Sunnmøre og består av øyene Hessa, Aspøya, Nørøya, Humla, Tørla, Oksnøya og Ellingsøya. Øyene er langstrakte i aust-vest-retning, oftast med bratte sider mot nord og vest. Bysentrumet ligg på Aspøya og Nørøya, langs Brosundet, også kjend som Ålesundet. Her finner ein forretninger, kulturhus, hotell, offentlege og private tjenesteytingar. Hamneanlegga omkransar byen på alle sider, men dei store båtane har opplagspunkt på nord- og sørsida. Ålesund sine sentrumsareal er relativt små og tette, med to kjøpesenter og ei gågate. Dei siste 30 åra har utbygginga av industri-, handelsnæring og institusjonar i høg grad skjedd aust for sentrum, på Moa og i Breivika.

ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP






ANALYSE

HISTORISK TETTSTADUTVIKLING

STRATEGI

BY- GREP

## KORTFATTET TIDLINJE FOR ÅLESUND




Kjelder til tekst:

4 Ålesund museum

5 Ålesund historielag

6 Wikipedia



# ASPØYA & SKUTVIKA



INNBYGGERAR  
3 376 (2015)<sup>7</sup>



KOMMUNIKASJON  
Skutvika ligg i enden av E136. Det går to bussruter forbi: 618 og 624 frå Hessa og mot Moa og Magerholm. Det er 25min til flyplassen Moa. Det tek 8 min å gå til sentrum.



VIKTIGASTE NÄRING  
Den viktigaste næringa på Aspøya, som i resten av Ålesund, er fiskeri og maritime næringar. Containerhavna representerer ein av dei største næringsaktivitetane på øya.



UTDANNING  
Aspøy barneskule ligg nesten på toppen av øya og har ein kapasitet på 1000 barn. Skulen er per dags dato ikkje fyllt opp og "importerer" elever frå Nørvøya og Skarbøvika.<sup>8</sup>



TURISME  
Aspøya har noko av turistjuvelane i Ålesund: Jugenstilsenteret og Brosundet, fiskermuseet Moljavegen og Molja fyr og Storhaugen. Ålesund kyrkje og Aspøy skule er signaturbygg. Aspøy har to hotell.



ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



## PLASSERING

Skutvika ligg midt på øya Aspøya, knappe 9 minuttars gange unna sentrum. Tomta ligg langs den tungt trafikkerte Nedre Strandgate, som er einaste veg vidare ut til boligområda på Hessa.

Sjølve tomta ligg heit sør på øya, nede med sjøen, på ei utfylling som har fungert som containerhavn dei siste 20-25åra.


## KORT OM TOMTA

Skutvika har navnet sitt fifrå at det var mulig å legge til skuter her. Grunnen, som består av rundt 50 mål<sup>9</sup>, eig av Ålesund Havnevesen. Skutvika har per dags dato for liten kapasitet og Havnevesenet har ein 5-årsplan om å flytte drifta til Flatholmen, på nordsida av Nørvøya. Havnevesenet er no opptekne av ein godt og effektivt sal av arealet i Skutvika og har sjølv engasjert eit arkitektkontor for å teikne eit utkast til ein mogeleg områdeplan for Skutvika. Dette utkastet foreslår 500 nye bueiningar. Kommunen sjølv har ytra eit ønske om å få gjennom ein områdeplan for heile Aspøya (som først vart påbegynt på 80-talet), før denne tomta blir utbygd.

SKARBØVIKA

ASPØYA

NØRVØYA





ANALYSE

NABOLAG / BUMILJØ / SEKSJONERING

STRATEGI

BY- GREP






ANALYSE

TILLEGGSINFORMASJON

STRATEGI

BY- GREP

## KORTFATTET TIDSLINJE FOR ÅLESUND







ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



Byutvikling og folkevandring



TRANSPORTKNUTEPUNKT

STRATEGI

BY- GREP

## FORHOLDET MELLOM MOA OG ÅLESUND

Handlesentersentrum Moa har sidan første etablering i 1972<sup>11</sup> auka kraftig i omsetning og har i mange år fått skulda for "handelsdøden" i Ålesund. Sett frå bilens synsstad er det openberre grunnar til denne utviklinga - Moa er eit geografisk knutepunkt for bilen, og i den samanheng blir Ålesund ein blindtarm. Før i tida, då Ålesund by etablerte seg, var byen derimot midt i smørauget for dåtidas raskaste transportsystem: båten. Byplanleggingsprinsippa som i dag fokuserast på er derimot kollektivtransport, syklande og gåande - noko som kan bli til fordel for Ålesund, då det er ein straumlinjeforma by, noko som dannar eit godt utgangspunkt for kollektivsatsingar. Denne kollektivsatsinga kjem i så fall mellom Ålesund og Moa - det blir derfor viktig å styrke både bysentrum og byområdet. Likevel, dersom Ålesund (Nørvøya og Aspøya) skal behaldast



som bysentrum er det viktig at ein jobber aktivt med å fortette og forsterke urbane bykvalitetar.

Bebyggingsmønsteret i Ålesund består av ei tett og godt vedlikeholdt jugendstilkerne, saman med ein mindre tett og variert, men mindre godt vedlikeheldenansamling av trehus. Mellom Ålesund og Moa er det hovudsakleg einebustadar, ispedd blokker, rekkehus og andre meir arealeffektive typologiar. Bilen er hovudtransportmiddel og går på dei to langsgåande vegane: E136, heilt i sjøkanten på sørsida, og Borgundvegen midt på øya. Hovuddelen av bustadane ligg langs eller i samband med Borgundvegen.

ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



## BY- OG TRANSPORTUTVIKLING I ÅLESUND

Opprinnleig veit vi at Ålesund vart til på grunn av nærleiken til arbeid og handel. Bustaden var nærmere og likeeins handelen. Ein kunne gå til det meste. Som nemnd tidlegare, skjedde det noko for omlag 50 år sidan. Bilens inntog gjorde oss meir mobile. Sidan dette har vi tilrettelagt for bilisme og latt byar og tettstadar ese ut. I følge ein transportrapport gjort av Urbanet analyse<sup>12</sup> brukar folk i Norge meir tid på reise of samt reiser ca. 5 km lengre i 2005 enn i 1992. Med ei forventa befolkningsauke i Ålesund kommune på 32% løpet av 20 år (2010-2030) seier det seg

sjølv at bilbruken vil auke tilsvarende dersom ein held fram i samme spor som før. Likevel fortsett Ålesund å satse på utbetring av vegsystema i byen. I bryakkessatsinga frå 2014 har politikarane prioritert slik: 3 mrd. kr til firefelts motorveg via Lerstad frå Moa til Ålesund og 1,3 mrd. kr til Brosundbru og Brosundtunell. Av 4,5 mrd. kr går 4,3 mrd. kr til bilvegtiltak. Den firefelts motorvegen skal riktig nok inkludere eigne kollektivfelt, men vil ikkje nå store og viktige delar av kollektivmarknaden, i følge Norsk Bane si utredning til Moa-konferansen i 2015<sup>13</sup>. Investeringa vil føre til ei auke av kollektivmengda på latterlege 0,3%.



## ANALYSE

UTBYGGINGSMØNSTER DEI SISTE 50ÅRA

STRATEGI

BY- GREP





|

Bysentrum med fortettingspotensiale

|

Områda som faktisk blir utbygde:  
jomfrueleg jord, perfekt for kombinasjonen  
hus + hage + garasje

NETTO FLYTTING FRÅ 0-5 ÅR I  
PROSENT AV ALLE 0-5ÅRINGAR  
PER JANUAR PER SKULEKRETS




## BYSPREING

Årsrapporten (2014) til Ålesund kommune viser ei negativ utvikling i form av flytting av personar frå 0-5 år, spesielt har den vore negativ frå Aspøya skulekrets og tala går over fleire år. Det viser seg at barnefamiliar flytter ut av bykjernen og til områda mellom Ålesund-Moa eller lenger aust frå Moa. På denne måten vert busethaden spreidd ytterlegare utover.<sup>14</sup>

Det bur færre barnefamiliar enn før på Aspøya - det er eit område som er meir populært for studentar og eldre. Dei yngre og nyetablerte søker

seg gjerne til veletablerte område bestående av rekkehusbebyggning, tomannsbupilar og mindre enebupilar, eller mot dei litt mindre sentrale områda. Dei pengesterke i den yngre kjøpegruppa søker seg gjerne til nyetablerte områda der ein har eit greit tilbod tomter eller nybygg. Desse kriteria stemmer betre overeins med områda austover, mot Moa.

Her ser vi derimot eit potensiale i Skutvika og kva ein ny bydel der kan tilby.



ANALYSE

STRATEGI FOR FRAMTIDIG UΤBYGGING

STRATEGI

BY- GREP

## EIN BY I UTVIKLING

Dei siste åra har det i Ålesund vore stort fokus på byutvikling, og korleis ein kan gjere byen mest mogeleg attraktiv slik at den kan behalde posisjonen sin som regionalt hovudsete. Kommuna, politikarane og folk flest har engasjert seg i debatten.

\* I 2011 arrangerte Ålesund kommune ein internasjonal arkitektkonkurranse om å utarbeide den sentrale sørsida i byen. Forslaget Sundbyen, teikna av Jaja Architects, vann og samme arkitektkontor, i samarbeid med eit lokalt arkitektkontor og kommunen, har utarbeida det endelege utkastet til "sørsideplanen". Reguleringsplanen vart vedteken i 2015.<sup>15</sup>

\* I 2013 vart det planlagd nye kontorbygg på Skansekaien, nord i Ålesund sentrum. Desse vart fullført i 2016 og tilfører byen over 400 nye kontorplassar.<sup>16</sup>

\* Hausten 2014 vart Ålesund med i eit 5-årig byutviklingsprosjekt i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune. Prosjektet skal sjå på kva som skal til for å styrke konkurransekrafta og attraktiviteten til Ålesund, Molde og Kristiansund, i samspel med nabokommuner, heile regionane og byane seg i mellom. Arbeidet skal munne ut i eit strategidokument med konkrete tiltak for Ålesund, samt ein plan for utvikling. *Et klart mål er å ta vare på og styrke Ålesunds egen identitet, og at nye tiltak skal tilpassast eksisterande lokale planar,* sier Kjersti Hassel, prosjektleiar for "Byen som regional motor".<sup>17</sup>

\* Det er no lagt fram for formannskapet i Ålesund ein ny kommuneplan for 2015-2027. Denne kommuneplanen inkluderer ein ny areadelplan med meir detaljerte og fleire temakart. Den nye areadelplanen legg fokus på utvikling og fortetting av sørsida av byen, og inkluderer blant anna Sørsideplanen (vidareutviklinga av Sundbyen) og Kvennnanesplanen. Endeleg vedtak er venta å komme i løpet av våren 2016.<sup>18</sup>



ANALYSE

KOMMUNAL VISJON FOR ÅLESUND SENTRUM, SØREGI

BY- GREP

## KVENNANES- OG DEN SENTRALE SØRSIDE-PLANEN



Illustrasjon: forlengelse av JAJA Arkitekter sitt vinnerforslag Sundbyen, bort til Kvannanesplanen



Illustrasjon: JAJA Architects sitt vinnerforslag Sundbyen



ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



Bymiljø og fasadar



ANALYSE

JUGENDSTILKJERNA I ÅLESUND

STRATEGI

BY- GREP




## JUGENDSTILEN

Jugendstilen er ein av turistmagnetane i Ålesund. Byen har ikkje alltid vore glad i arkitekturen og bygningsmiljøet sitt, men no ser ein på dette som ein ressurs. Då byen brann natt til 23.januar 1904 var det skrikande behov for husrom til dei 11700 innbyggjarane som stod heimlause.<sup>19</sup> På tre år vart det bygd 600 hus. Arkitektane kom frå byar i heile landet og hadde jugendstilen som allereie hadde dominert nokre år i Europa som forbilde. Jugendstilen er litt ulik i dei ulike Europeiske landa, men alle har nokre kjenneteikn: bruk av nye naturelement til inspirasjon, ikkje berre vekster ansett som vakre (eks. roser og sommerfuglar), men ugras og insekt (eks. bregner og augestikkerar). Jugendstilen er også kalla art nouveau, den nye stil, og det er nettopp denne hungeren etter det nye som er

retningsgivande. Handverk er også ein av hovudfokusa i denne stilten - vekk frå det industrielle! Dette passa godt for Ålesund, sidan det nyleg hadde vore krakk og handarbeid var veldig billig.

Brannen førte også til eit politisk vendepunkt i norsk historie, og ein fekk endeleg innført murtvang i alle norske byar. Materiala brukt for å gjenreise Ålesund var derfor teglstein og stein - norsk stein. Bruken av norsk stein vart også symbolsk for å markere nasjonalismen som bølgja over landet før og etter unionsoppløysinga med Sverige i 1905. Kombinasjonen: mange arkitektar med frie tøyler, kort oppføringstid over eit stort område, internasjonal inspirasjon, fokus på handverk og norske materiale har til saman danna grunnlaget for ein helt unik type jugendstil: Ålestil.



ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP

ØVSTE ETASJE: opplevd høgare takhøgde enn dei føregående etasjene grunna skråtaket. Mindre vindauge, men meir avrunda og ornamenterte i karnapp, tåm og liknande.

3.-x.ETASJE: lågast takhøgde, mindre og firkanta vindauge i gjentakande mønster.

2.ETASJE: medium takhøgde, mindre, men fortsatt avrunda og variabel bruk av ulike vindauge.

1.ETASJE: høgare takhøgde, store og gjørme avrunda vindauge som nesten går til gatenivået, ofte stoppa av ei uteheva linje i fasaden.

KJELLAR: lågare takhøgde. Som regel brukt til lagring av butikkvarer eller mat.

## TYPISKE JUGENDSTILFASADER

Basert på eigne befaringer i Ålesund, samt undersøking rundt jugendstilperioden i litteratur og på internett har vi laga oss ei oppskrift på "typiske jugendstilfasader" i Ålesund. Desse kan kanskje hjelpe oss finne fram til kvalitetar og inspirere oss når vi jobbar med typologiar, fasadar, bearbeidning av lys o.l. i den nye bydelen i Skutvika.

Som beskrive i figuren til venstre består etasjene av ei høg 1.etasje, medium 2.etasje, lågare etasjar vidare oppover, til ein har nådd øvste etasje som har høgare takhøgde grunna skråtaket. Dette skapar ein fin variasjon i fasaden og ein fleksibilitet i bruken av bygget. Første og evt. andre etasje kan brukast til næring. . Bur ein i 2.etasje vil ein få inn meir lys på grunn av større vindauge. I dei øvrige etasjene har ein mindre vindaugsåpningar, men kan også komme ut i frisk luft, på små balkongar. Dei øvste etasjene har ei rekke spanande rom ved hjelp av varierte takhøgder, kamapp og tånmrom.

Materiala brukt i fasaden varierte mellom stein, mur, pussa mur og fliser. Det mest vanlege var stein, gjerne norsk. På taket var det også brukt stein.

Utsmykking av fasadane var vanleg. *Ein kombinasjon av verkemidler med ei fjernvirkning der volum, tak og fasader er integrert i ei heilheit, der ein på nært hald legg vekt på overflatebehandling, fargar og linjeføring som til saman utgjer bygget sitt totaluttrykk.*<sup>1</sup> (punkt 3 i Toronto-erklæringa,

beskrive i meir detalj seinare). Utsmykkinga er på mange måtar i tråd med det Gehl skriv i boka "Byer for mennesker", der han, basert på menneskets evne til å oppfatte detaljar på ulike avstandar, oppfordrar til å legge vekt på detaljeringsgrada frå 0-6,5 meter, litt mindre frå 6,5-13meter og ha lågare detaljeringsgrad over denne fasadehøgda. Aviket frå jugendstilen er her at ein i 1904 også legg vekt på detaljering i øvste etasje.<sup>20</sup>

Ein detaljeringsmetode som går igjen i mange hus er bruken av linjer. Ei brei linje nedst, og tynnare vidare oppover for å framheve etasjene. Denne har vi ved fleire anledningar bemerkja oss i Ålesund, då det er behageleg å lene seg mot denne i sittande stilling (den er skråa, så fuktighet renn av). UNESCO publiserte i 1994 ei oppsummering av kva som kjenneteiknar jugendstilperioden og dens arkitektur. Denne oppsummerer også godt kjenneteikn i Ålestilen, men vi har plukka ut dei viktigaste punkta.

1. Bruk av både tradisjonelle og nye materialer ofte kombinert på en eksperimentell måte og nytta gjennom nye byggeteknikker.
2. Heilskapleg haldning i høve til struktur, romdannelse og funksjon.
3. Ein kombinasjon av verkemidler med ei fjernvirkning der volum, tak og fasader er integrert i ei heilheit, der ein på nært hald legg vekt på overflatebehandling, fargar og linjeføring, som til saman utgjer bygget sitt totaluttrykk.

ANALYSE

STRATEGI


BY- GREP



## TORONTO-ERKLÆRINGA

4. Bruk av lys og gjennomskinnelighet basert på mulighetene i nye materialer og ny teknologi.
5. Ofte ein tendens til asymmetri.
6. Ei plastisk behandling av enkeltelementene i komposisjonen – både i eksteriør og interiør – der linja flyt på en måte som kan kalles den klassiske art nouveau-linjeføringa.
7. Dekorativornamentikk som:
  - (a) Bruker naturformer – hovudsakleg dyr og planter – som inspirasjon. Ofte blir de forandra til halvabstrakte avbildningar.
  - (b) Baserer på klassiske eller middelalderske mønstre og motiver, folkekunst og lokal byggeskikk.
  - (c) Inspirert av legender og myter
  - (d)

Brukar inspirasjonar, masker og andre symbol.  
8. Utradisjonelle vindusformer, ofte med små ruter i øvre del og utstrakt bruk av glassmåleri, både med ornamentale og figurative motiv.<sup>20</sup>



ANALYSE

TREHUSKJERNA PÅ ASPØYA

STRATEGI

BY- GREP




## TREHUSBEBYGGELSE PÅ ASPØYA

Frå Aspøygata og austover på midten av Aspøya finnast det ein sterk konsestrasjon av trehusbebyggelse som i kommunen sitt kart over kulturminne og kulturlandskap er merka som bevaringsverdig. Overgangen frå tre- til murhus i Aspøygata er svært tydeleg, då der er etablert ei allégate med tre på kvar side av vegen store delar av tverrforbindelsen som går forbi Aspøy skule og Ålesund kyrkje. Gata vart utforma slik etter bybrannen i 1904 for å hindre sprejing av framtidige bybrannar.

Eneboligane er som regel akkompagnert av mindre skur, garasjer og/eller utedo frå tida dette var relevant. I prat med nokon som budde på Aspøya kunne dei bekrefte det dei sjølv beskrev som "eit rikt indre liv" inne i tre-

huskvartala (gjenståande utedo). Då husa vart bygde budde det som regel minimum 20 personer i kvart hus. I dag avheng tal på personar som bur der på om husa er delt inn i leiligheter - noko mange er. Einingane er som regel delte horisontalt. Det er derfor nærliggande å tru at det maks er plass til 2-3 einingar i kvart hus, då det er vanleg med 3-4 etasjer i trehusbebyggelsen (inkl. kjeller og loft).

I lys av jugendstilbebyggelsens historie og verdi som unikt bysentrum underar vi oss om trehusbebyggelsen havnar i skuggen og lett blir gløymd? Vi observerer fleire därleg vedlikehaldne hus dess lenger unna sentrum vi kjem. Dess lenger vest vi kjem er det også ein høgare forekomst lamellar, blokker, sosialbustadar og færre møteplassar.<sup>21</sup>



ANALYSE

STRATEGI




BY- GREP

LOFTET: på grunn av arkar var meir av loftsarealet gjort bruklege og med små vindauge fekk ein inn litt lys og luft.

2.ETASJE: vi reknar med at etasjehøgda var normal, muligens med nokre hint av skråtak.

1.ETASJE: vi antek at etasjehøgda var normal.

KJELLEREN: vi antek at takhøgda var normal eller litt under. 1-1,5meter var heva over bakkenivå. I mange tilfelle var dette nok til å ha ei av kjellerfasadene over bakkenivå, då ein tok igjen terengfall. Kjellerfasaden viste derfor som regel mot sør.



## TYPISKE TREHUSFASADER

Trehusbebyggelsen framstår som ganske "typisk" for si tid (1900-1950), men har nokre spesielle særtrekk: ålesundsmur nedst og liggjande trekledning. Ålesundsmur er *ein kompakt murvegg av naturstein (bruddstein) murt i sementmørtel mot forskaling på en side*<sup>22</sup>. Det er altså en mur utan armering. Den liggande trekledninga er vanleg på vestkysten og blir brukt for å unngå råte nedst på kledninga, i tillegg til at det var enklare å bytte ut dei nedste plankane.

Adkomstane er gjerne heva 1-1,5 meter opp frå bakken og er fint tillaga med forsegjorte trapper og noko ornamentikk i tre. Trekledninga startar

som regel på høgd med dørterskelen, og held dermed ein god avstand frå den fuktige bakken. Fargebruken er frisk og variert, som i byen elles.


Med tida har trehusbebyggelsen, som all anna bygningsmasse, hatt behov for rehabilitering og diverse utskiftingar. Mange av murane blitt pussa og malte, og dører og vindauge bytta ut. Mange ytterveggar har blitt platekledd i blant anna eternit- og ulike typer kompositmaterial. Dette har ført til ei svekking av det sterke trehusmiljøet, i følge Grytten, som sjølv vaks opp i Kirkegata.



ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



Typologi og tettleik

ANALYSE

STRATEGI


BY- GREP

---

## OM BYMILJØET I ÅLESUND - TODELT

Vi ønska å undersøke kva typologiar og samlingar av typologiar der var i Ålesund og på Aspøya, men trengte i det høve også teori å støtte oss på når det kom til organisering av dei ulike typologiane. Vi har delt typologiane inn etter geometriske hovudprinsipp: punkt, lineært, rutenett og romleg.


På den andre sida har vi også teke oss visse fritak i differensieringa, for å kunne gjengje boligtypologien i Ålesund best mogeleg. Først synleggjer vi dei rådande bymiljøa i Ålesund: jugenstilkjerna og trehusbebyggelsen. Dernest presenterer vi ulike typologiar og korleis desse kan organisere seg, og funn av dette i Ålesund, men hovudsakeleg med fokus på Aspøya. Til sist kartlegg vi typologiane i randsona av Skutvika, mot nord, aust og vest.



## TYPOLOGITEORI: PUNKT


## BLOKK

Blokka tilhører punkthustypologien. Den har eit lite fotavtrykk og høg tettleik. Adkomst skjer som regel gjennom eit punkt og kommunikasjonen i bygget foregår vertikalt. Blokker har sidan etterkrigstida hatt eit belasta rykte og folk assosierer gjerne ordet blokk med betong og drabantbyar. Punkthuset har som regel litt avstand/hage rundt seg, men vert oppfatta som offentleg framfor "semioffentleg". Hagar rundt punkthus skapar i mange tilfelle få gode romlege effektar utanom å vere vindskjerm i ei retning. Det er lite interaksjon mellom dei på bakkeplan og dei lenger oppe i etasjene. Blokker består som regel av leiligheter, men leilighetene kan sjølv sagt variere i størrelse. Lysforholda og siktilhøvaer som regel gode, men avhenger sjølv sagt av djupna på bygget. 18% av bualternativa i den norske marknaden består av leiligheter i blokk eller bygård.<sup>23</sup>



### EINEBUSTAD

Enebustaden tilhører også punkthustypologien. Den har som regel eit lite fotavtrykk, men har særslig låg tettleik. Tettleiken kan betrast litt dersom boligen delast i tomannsbolig eller firemannsbustad, men låg utnyttingsgrad. "Drømmen om enebolig" er sagt å vere nordmenns ønska boligsituasjon, særleg for barnefamiliar. Adkomst skjer gjennom eige inngangsparti. Enebustad har som regel ein romsleg hage og ein privatert hage. Siden hagen oppfattast såpass privat, men punkthuset kun skjermer i ei reting settast det ofte opp skjermar eller gjerder for å skjerme privatrommet for innsyn, vind. Enebustaden er som regel eit romsleg alternativ. Lystilhøva er som regel ideelle i einebustadar og utsikta avhenger av tomtetilhøva. 56% av bustadane som eksisterer på det norske bustadmarknaden er einebustadar per 2001.<sup>23</sup>



### TEPPEBEBYGGELSE

Teppebebyggelsen er ein måte å organisere punkthus (gjerne atriumshus) på som aukar tomteutnyttelsesgraden noko. Denne teppebebyggelsen organiserer ofte husa som ein liten landsby, og det blir ofte etablert et møtepunkt i sentrum av teppebebyggelsen. Nablaget er intimt og ein kjenner gjerne naboane. Det er som regel noko mindre privatliv i teppebebyggelse enn i vanleg enebolig-nabolag, då avstandane er kortare. Teppebebyggelsen skaper i større grad romlege sekvensar enn punktbygga åleine. Lystilhøva er som regel greie i teppebebyggelse, då byggehøgda er låg. Sikttihøva er derimot begrensa.<sup>23</sup>



ANALYSE

BLOKKBEBYGGELSE PÅ ASPØYA

STRATEGI

BY- GREP



## BLOKKER I ÅLESUND

Det finnast få blokker på Aspøya. Kanskje fordi byen har ein utbreidd bruk av kvartalbebyggelse? Eller fordi blokkbebyggelse ikkje tilbyr særleg gode mikroklima (ly for vind etc.). Vi finn derimot ei samling blokkbebyggelse på Voldsdalsberga, vest for sentrum, både eldre blokker og blokker som er nyleg oppført og planlagd oppført som ein del av fortettingsstrategien

mellan Ålesund og Moa. På dette strekket finst det også innspel av blokkbebyggelse - gjerne terrassert for å utnytte terrenget som fell mot sør. Dess lenger ut av kvartalstrukturen i bykjerna, dess fleire blokkvariasjoner ser vi.



ANALYSE

ENEBOLIGER PÅ ASPØYA

STRATEGI


BY- GREP




## EINEBUSTADAR OG BYVILLAER I ÅLESUND

Som ein kan sjå på kartet er det mykje einebustadar og byvillaer på Aspøya, men også ellers i Ålesund. Samlinga nordaust på Aspøya er jugendstilvilla med rike hagar rundt. Frå Aspøyvegen og vestover er det tre- eller platekledde eneboligar med mur nedst. Mange av husa har flotte detaljar som tårn, forsegjorte inngangsparti o.l.


Vi har fått greie på at denne boligtypen har blitt brukt ganske forskjellig. I det Harald Grytten (ref. intervju) sjølv kallar gamle dagar budde det over 20 menneske i desse einebustadar. Om einebustadane var delt inn i leiligheter veit vi ikkje, men går ut ifrå at etasjene skilde. I dag brukast boligane på liknande vis, men det bur færre menneske i dei.



Eneboliger med oppdelt til leiligheter og tomannsboliger eller fleire




Sammensatte eneboliger til rekkehus



## TYPOLOGITEORI: LINJE


## REKKEHUS

Rekkjehuset er fleire hus som deler ein eller to veggjer med naboen. Tettleiken er høgare enn i einebustaden, men framleis ikkje høg. Rekkjehuset er sett på som eit godt alternativ til einebustaden, nattopp fordi den har mange av dei samme kvalitetane. Ein har framleis privat adkomst og som regel ein privat bit av hagen på andre sida av huset, men det settast ofte opp skjermar på sidene for å hindre innsyn frå naboen som bur vegg-i-vegg. Støytihøva mellom leilighetene kan derfor vere avgjeraande for trivsel. Lystihøva er begrensa til to fasader, med unntak av i endehusa. Sikttilhøva avhengjer av tomta. 21% av boligmarknaden består av rekjkjehus, tomannsbustadar og liknande per 2001.<sup>23</sup>



## LAMELLER/SKVER/TERRASSEHUS

Lameller er som regel frittliggende, lange blokker. Det finnast variasjonar, til dømes terrasseblokker og svalgangshus. Dette er på mange måtar resultatet av ein fusjon mellom rekkehus og blokk. Den har høg tetthet, men større fotavtrykk enn blokka. Beboarane har derimot lettare tilgang til og kontakt med bakkenivået. Romleg utgjer ikkje lamellen den store forskjellen frå rekkehuset, då den kun skjermer mot vér, vind og innsyn frå ei himmelretning. Lystilhøva er, tilsvarande rekkehuset, avgrensa til to fasader. Terrassehus er særleg godt egna i område med terrengfall. Tilkomsten er som regel delt med ein av nabosidene og vertikalt, så vi ser på den som semiprivaat. Det å ha ein felles tilkomst med eit avgrensa tal på menneske kan vere med å styrke naboskapet.<sup>23</sup>



## LAMELLAR SAMAN

Dersom ein har eit kvartal til rådighet og vil byggje lamellar er dei som regel sette opp med tilkomst frå utsida med ein hagesituasjon i midten. Denne situasjonen kan enten bestå av private hageflekkar som legg seg inntil kvarandre eller samla til ein felleshage. Grada av privatisering er dermed avhengig av organisering, men likevel sjåast på som semiprivaat. Her kan ein arrangere nabolagsfestar og kose seg saman i eit indre rom. Det godt med innsyn og mogelegheit for adkomst frå begge kortsidene av lamellkvartalet, noko som kan sjåast på som både positivt og negativt. Det er lett å stikke innom, men også lett å få uvedkommande på besøk. Dette utgjer ei større utfordring dess meir urbant området er.<sup>23</sup>



ANALYSE

REKKEHUS PÅ ASPØYA

STRATEGI

BY- GREP



## REKKJEHUS

Vi finn ein god del rekkjehus i Ålesund, men kun nokre få innslag på Aspøya. Det er som regel snakk om rekkjehus som både er vertikalt og horisontalt delte. Grunnen til den svake førekomensten rekkjehus er uklart, men sidan der eksisterer meir lamellbebyggelse på øya er det nærliggjande å tru at ein har ønska seg ein høgare utnyttingsgrad på den sentrumsnære øya.



ANALYSE

LAMELLBEBYGELSE PÅ ASPØYA

STRATEGI

BY- GREP



## LAMELLER/SKIVER/TERRASSEHUS


Lamellbebyggelsen er ein ganske vanleg typologi i Ålesund. Vi finn den gjeme langs hovudvegane inn til Ålesund, der den ofte fungerer som støyskerm for gata på baksida. Orienteringa er aust til vest, dette for å få flest mogeleg sørvende leiligheter med utsikt utover Sunnmørsalpane. Det er heller ikkje uvanleg med terrasserte lamellar for å utnytte terreqfallet som går frå høgdedraget i nord og sørover. Lamellane er som regel i mur, pussa mur eller platekledde. Dei lamellane som ikkje har planlagde balkongar har gjeme montert dette på i ettertid, med varierande hell.<sup>24</sup>

ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP


TYPOLOGITEORI: ROMLEG



Plan

## LUKKA KVARTAL

Kvartal er atriumshus med fleire etasjer. Nøkkelen til eit godt resultat er som regel organiseringa av tilkomster og kommunikasjon. Kvartalet er svært fleksibelt når det kjem til byplanlegging og kan byggjast som eit eller fleire prosjekt, og utbygginga kan fordele seg over eit lengre tidsløp. Kvartalet har gode romlege kvalitetar i midten, då det er både beskytta og privat. Ein negativ effekt kan vere dårlige lystilhøve, men dette avheng direkte av kvartalet sin størrelse. Kvartalstruktur er vanlegast i urbane område, der ein ikkje har like god tilgang på natur rundt seg elles. Lukka kvartal kan også vere med på å knytte sterkare band mellom dei som bur i kvartalet, då barn oftare blir eksponert for det same utvalet barn, og det same med voksne. Adkomst skjer som regel frå utsida av bygget og deretter vertikalt.



Plan

## OPE KVARTAL

Eit ope kvartal har dei same romlege kvalitetane som eit lukka kvartal, Den største forskjellen er at uterommet ikkje er privat, er avhengig av utforming og design for å fortelje om kvartalet er semiprivat, semioffentleg eller ein offentleg park. Dette kan ha både heldige og uheldige konsekvensar. Dersom ønsket er å gjøre det indre gardsrommet offentleg er det viktig å bryte ned dei private barrierane som hindrer folk frå å gå inn og nyte uterommet. I denne situasjonen får gjerme leilighetene på bakkeplan lågare verdi, då ein får offentlig innsyn i private rom. Det kan derfor vere lurt å etablere forhagar. Dersom ein ønsker å gjøre det indre gårdsrommet meir privat, kan ein etablere nivåforskellar, ha taktisk beplantning, flytte tilkomstane inn i gårdsrommet etc. Då kontrollerer ein framleis dei besøkande, men det er opningar for å gløtte innom.



ANALYSE


STIKKPRØVER PÅ TETTLEIK

STRATEGI

BY- GREP


Bebyggesettethet  
Trehuskvartal 1

BYA = 1711,4m<sup>2</sup>  
Tomt = 3478m<sup>2</sup>  
BRA = 5731,6m<sup>2</sup>  
% BRA 165%  
Etasjehøgde = 2-3




Bebyggesettethet  
Jugendkvartal A

BYA = 2454,25m<sup>2</sup>  
Tomt = 3321m<sup>2</sup>  
BRA = 8039,5m<sup>2</sup>  
% BRA 242%  
Etasjehøgde = 3-4




Bebyggesettethet  
Trehuskvartal 2

BYA = 1711,4m<sup>2</sup>  
Tomt= 3478m<sup>2</sup>  
BRA= 5731,6m<sup>2</sup>  
% BRA = 165%  
Etasjehøgde = 3-4



Bebyggesettethet  
Jugendkvartal B

BYA = 2130m<sup>2</sup>  
Tomt= 3454m<sup>2</sup>  
BRA= 7555,5m<sup>2</sup>  
% BRA = 219%  
Etasjehøgde = 4-5



## KVARTALA I ÅLESUND OG TETTLEIKEN

Reguleringsplanen frå 1904 har lagt grunnlag for kvartalstrukturen i Ålesund. Kvartala skulle vere maks 4000m<sup>2</sup> og 100meter på det lengste.  
<sup>25</sup> Kvartalstrukturen er utbreidd innanfor bygrensa, men løyser seg meir opp dess lenger ut i randsonene du kjem.


I bykjerna finn vi for det meste tette kvartal. Sjølvé kvartala består av mindre einingar. Strukturen på einingane er ganske generelle: kjeller, ei ekstra høg 1.etasje, ei høgare høg 2.etasje og normale etasjehøgder i dei resterande etasjene. Øvste etasje er tilbaketrukke/på loftet. Strukturen kan minne om Haussmannkvartala i Paris, i ein mindre skala. Mange av kvartala har fylt opp gårdsromma sine med uthus og liknande. Alle tilkomstar skjer frå gatenivå.

Kvantstrukturen fortsett ut til Aspøya, men ein "luftigare" variant då dei har

bygd einebustadar, to- og firemannsbustadar. Gardsrommet på innsida av desse kvartala er også oppfylt med diverse skur-bygg, eksempelvis utedo. Tilkomstane i desse kvartala varierer mellom å vere plassert i gateleopet eller på innsida av kvartalet.

Noko av organiseringa på Aspøya er også lamellar mot kvarandre, særskilt rett vest for Skutvik. Rommet mellom lamellane er brukt litt ulikt, anten som fellesområde eller som private hagar med ei sti i midten. Fellesområda er til vanleg mindre opparbeida og dei private områda er betre teke hand om.

Aspøya er av dei tettast befolka øyane i Norge. Øya er berre 0,6 km<sup>2</sup> stor og har 3400 innbyggerar per 2015, dvs 5666 innbyggjarar per kvadratkilometer. <sup>26</sup> Gjennomsnittlig prosent bruttoareal (%-BRA) i trehuskvartala ligg på 165% og i jugendstilkvartala ligg det på 230m<sup>2</sup>.



ANALYSE

INDUSTRIBYGG PÅ ASPØYA

STRATEGI

BY- GREP



## INDUSTRIBYGG

Industribygg finn vi langs heile kystlinja i Ålesund. Denne industrien er det som har gjort Ålesund til regionens hovudsete - fiskeeksport og anna maritim næring. I mange tilfelle fungerer bygga som eit hinder for å komme seg ned til vatnet. I containerhamna er heile området inngjerda og låst.

Industribygga vi har tatt for oss er hovudsakleg dei på sørsida av Aspøya. Dei har svært ulike karakterar, alt ifrå store hallar i stålkonstruksjon med plate og blikkledning til betongbygg ispedd teglsteinsdelar og reine

betongbygg. Utsjånadane strekk seg frå modernistisk og brutal til jugendstilinspirert. Utforminga til nokre bygg, til dømes Liaaen-hallen, er spesialisert til bruken - å få plass til store båtar inni. Andre bygg er meir generelle industribygg for eksportering av fisk, gjerne klippfisk, eller andre industrivarer som til dømes spiker.


Mange av industribygga er i dag ikkje i bruk og står til nedfalls. Vi har kun registrert eitt bygg som er godt vedlikehalde, oppussa og i hyppig bruk.



ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



Identitet

ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP

## IDENTITETSBERERAR

Identitet er eit vanskeleg tema. Vi har derfor prøvd å tilegne oss kunnskap om teoriar og forsking rundt bruken av stadsidentitet i planleggjings- og teikneprosessar.

Definisjonen av stadsidentitet tilseier at omgrepet refererer til ein cluster av idear rundt stad og identitet innan fagfelta geografi, urban planleggjring, urbant design, landskaparkitektur, omgivnadspsykologi, "ecocriticism" og urbansosiologi/miljøsosiologi.<sup>27</sup> Begrepet spenner altså over mange fagfelt, både innan fysiske omgivnadar, mennesket og ikkje minst menneske saman. Når mange menneske føler den samme identiteten til ein stad, kan det føre til samhald. Knut Kjeldstadli påpeiker at byidentitet ofte dreier seg om å etablere eit "vi" som står i motsetnad til "dei andre".<sup>28</sup> I forskingsartikkelen PLACE IDENTITY: SYMBOLS OF SELF IN THE URBAN FABRIC<sup>29</sup> dreg dei definisjonen meir mot eit fokus på fysisk omgivnadar sin påverknad på mennesket. Den urbane vegen inneheld symbol (ikon) som fortel oss noko om oss sjølv, samt noko om dei symbolet tilhører. Konseptet "den urbane vegen" er limet som knytter folk til staden.<sup>30</sup> Dette synast vi fortel mykje om kvifor stadsidentitet er viktig å jobbe med når ein utformer by, byområder og byrom. Det handlar om å gje dei som bur i ein by eller eit område ein ekstra mogeleg identitetsberar og følelse av tilhøyrigheit, noko Maslow si behovspyramide rangerte som nummer to av dei tre viktigaste menneskelege behova ("tryggheit" og "sosiale") som dannar grunnsteinane i pyramida. Funna gjort i same forskingsartikkel oppsummerer at stadsidentitet har potensiale til å påverke fleire menneskelege aspekt, blant anna følelse av fellesskap, følelse av tilhøyrigheit, helse og tilknytning til staden.

Kva er med på å byggje opp stadsidentitet? Funna gjort i PLACE IDENTITY: SYMBOLS OF SELF IN THE URBAN FABRIC<sup>29</sup> trekka fram ikoniske bygg og plassar som viktigast – spesielt bygg og plassar med historisk tilknyting. I tillegg vart parkar, hagar og tre også trekt fram som viktige, saman med typografiske kjennteikn. Her er det interessant å merke seg at naturen spelar ei viktig rolle, sjølv i urbane strøk. Funna samsvarer også godt med dei fem omgivnadsdefinerande byelementa presentert av Kevin Lynch.

At bygg med historisk tilknyting er særleg viktig for stadsidentitet er noko som blir vidare underbygd i kulturmiljøanalysa utført av Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) mellom 2005-2009, kalla KULTURAV OG STEDSIDENTITET.<sup>30</sup> I analysa har dei brukta kulturminnelova sin §2 for å definere omgrepet kulturmiljø som område der kulturminne inngår i ein større heilskap eller samanheng. NIKU fortel at organisasjonen dei siste åra har observert at kultur som drivkraft og innfallsvinkel til byutvikling har fått auka merksemrd. Det er blitt ein viktig utfordring for byane å posisjonere seg i konkurransen om å skape nye arbeidsplassar som bidreg til "det gode liv", sikrar ei attraktiv og kompetent befolkningssamansettning, trekk besøkjande og hindrar utflytting.<sup>31</sup> Altså presenterer dei bruken av stadsidentitet som ein kommunal strategi for å tiltrekke seg fleire innbyggjarar, samt turistar. Kultur og kulturarv brukast for å profilere byane som attraktive stadar, og denne tendensen til å anvende kultur for økonomiske formål er som kjent i tråd med internasjonale tendensar.<sup>32</sup> Dei internasjonale tendensane det refererast til seinare i analysa er frå transformasjonsprosessar i byar som Newcastle, Bilbao, Boston og Baltimore, som har danna viktige forbilde for byutvikling over heile den vestlege verda. Dette må også sjåast i lys av tilgrensa strategiar for byutvikling knytt til merkevarebygging/branding og stadsforedling, ikkje minst inspirert av internasjonale forskarar som Richard

ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP

Florida og Charles Landry. Det er dessutan eit kjent faktum at ein tydeleg identitet, profil eller branding (kjært barn har mange namn avhengig av fagfelt) har positive effektar.

Som eit eksempel på eit norsk transformasjonsprosjekt med fokus på stadsidentitet vil vi trekke fram Solsiden i Trondheim. I 1996 starta utbygginga av Nedre Elvehavn på det gamle verksamheten etter Trondhjems mekaniske Værksted og Ørens mekaniske Verksted til bustadar, næring og kjøpesentra, kunstmuseum og kulturhus. (snl.no) Planlegginga og kanskje særleg historie- og kulturarvforedlingsfokuset, viser kva ein kan få til dersom ein jobbar aktivt med stadsidentitet, med bevaring av kulturarv i fysiske omgivnadene som verkty. Dei har teke vare på fasadane til dei gamle verftslokala, samt dei gamle verftskranene som ruver karakteristisk utover kanalen, eit av dei få byromma i Trondheim som i dag har ei urban tilhøremming til vasskanten i Trondheim. Solsiden er i dag eit av dei mest attraktive områda i heile Trondheim, med ein klar identitet, sentrumsnært, gode urbane byrom (sitteplassar langs kanalen, små grapsplener ein kan slå seg ned på osb.), eit breidt næringsliv, eit rikt kulturliv og eit variert, men noko dyrt, utval leilegheiter. Alt i alt eit vellykka transformasjonsområde som har teke vare på sitt historiske preg, men framstår som moderne, urbant og attraktivt. Eit anna, ferskare, eksempel er byen Drammen, som ved hjelp av målretta byplanlegging og identitetsbygging, har gått frå hary til hot over ein 20-årsperiode.

Ålesund har sjølv hausta frukter av å ha ein tydeleg identitet som Jugendstilbyen. The Times Online kåra i 2009 Ålesund til Norges vakraste by, mykje på grunn av den spesielle og gjennomførte arkitekturen i kombinasjon med naturskjønne omgivningar<sup>30</sup>, så turistane er nøgde. Lev byen opp til forventingane? Skutvika utgjer ein stor del av Ålesunds hamnefasade mot sør, så er det viktig for dette området å knyte seg til og spele på Ålesundets jugendfasadar? Eller er det rettare å jobbe med

industri- og containerområdets særpreg, som tross alt også har kvalitetar ved å understreke Ålesunds sterke tilknytning til og posisjon innan fiskeri og det å vere kystby?

Kulturmiljøanalysa peiker på NIKU som ein generell merknad saknar større fokus på dei mogelegehetene dei eksisterande materielle strukturane har for enten å forsterke eller å skape ein ny karakter i eit område som er inne i ein omformingsprosess. Dagens praksis med prosjektbaserte reguleringsplanar sett klare begrensingar, ved at heilheitet utfordrast kontinuerleg og krev forhandlingar i kvar enkelt sak.<sup>31</sup> Altså ligg ikkje forholda ideelt til i Norge for å la historisk forankring bidra til å knyte band til staden og bygge opp stadsidentitet. Sist men ikkje minst påpeiker analysa at arkitektur kan brukast aktivt for å jobbe med stadsidentitet. Vi ser mange eksemplar på at det er mogeleg å bruke moderne arkitektur bevisst for å understreke et område sin karakter, utan at det treng gå på bekostning av viktige kultuminne i området. Det bør stimulerast til flere diskusjonar omkring samspelet mellom gammalt og nytt, der arkitektonisk kreativitet og nyvinning kombinerast med respekt for kulturhistoriske karaktertrekk i miljøet, og då ved å fokusere sterkare på samanhengar som finnast mellom områda som inngår i ein bystruktur. ....Richard Florida hevder at byane konkurrerer om den kreative klassa – høgt utdanna, innovative menneske. Å kapre desse er avgjeraende for å sikre vidare vekst og framgang, og for å klare det må dei kunne tilby unike kvalitetar, noko som gjer at den bestemte byen skil seg positivt ut frå den andre. Kulturarv i form av kultuminne og kulturmiljø er ein av dei faktorane som kan bidra til å skape ein slik "uniqueness".<sup>32</sup>

Vidare vil vi no sjå på kva vi har av potensiale for identitetsbygging i det som allereie eksisterer i og i randsonene av Skutvika, for å sjå kva som kan vere verdt å ta med vidare i utforminga av ein ny bydel, både i tilhøve til historisk tilknytting, størrelseordnar, beplanting og liknande.



## NORD FOR SKUTVIKA

Nord for Skutvika går Nedre strandgate. Denne gata vart, i følge historiske kartdata, laga av utfyllingar mellom 1947 og 1968. Før dette var det kun 2-3 hus og naust som låg langs vegen, som opprinnelig var sjølinja. Det er ikkje særleg tvil om at vegen han gjort området mindre attraktivt, då mesteparten er gjennomfartstrafikk.<sup>32</sup>

På toppen av terrenget ligg det derimot fleire hus langs Kirkegata/Steinvågvegen. Det er her snakk om 3-4.etasjes einebustadar med store murar mot sør, for å ta unna terrenget. Nedanfor, langs Nedre strandgate, er det meir ulik typologi - einebustadar av ulik kvalitet, lagerbygg



og sist, men ikkje minst Ålesund politihus, også kjend som tinghuset, fram til det blei flytta i 2015. Dette landemerket hadde opningsfest hausten 1982 og har sidan motteke blanda reaksjonar for si brutalistiske og massive framtoning. Uansett kva vi måtte meine om saka, er det iallefall eit sterkt landemerke, som skil seg ut frå omkringliggande typologi.

Terrengfallet gir visse retningslinjer for riving versus bevaring. På toppen av terrengfallet er alle einebustadane bebudde og i god forfatning. Det er også einebustadane nedanfor terrengfallet. Lager- og klubbhusa er derimot ikke av betydeleg verdi i ei slik overordna bydelsutvikling, slik vi ser det.

Både Ålesund politihus og det store lamellhuset mot nordvest vil vere med

å støtte ein større typologi i ein ny bydel, både når det kjem til fotavtrykk og fortetting. Spesielt med tanke på at bygga vil ligge nedanfor eller i terrengfallet. På den andre sida ligg dette området også tettast opp mot den bevaringsverdige einebustadane i trehusbebyggelsen, så det vil bli utfordrande.

Det skal også seiast at terrengfallet i seg sjølv også har prega området. Dersom vi til dømes legg til rette for terrengbebyggelse, vil denne terrengprofilen ikkje lenger vere like synleg. Om det er viktig stiller vi oss litt tvilande til. Terrengdifferanser representerer trass alt mange utfordringar for området når det kjem til kommunikasjon, men er også med å lage nokre spanande rom.



## AUST FOR SKUTVIKA

Like aust for Skutvika finn vi området der Nedre strandgata endar, og dermed også Ålesund by, stoppa før Nedre strandgate vart bygd. Her har bebyggelsen vore den same på nordaustsida - einebustadar og rekkjehus i kvartalstruktur, med høge murar i sør for å ta unna terrengefallet.

Bebygelsen i søraust, mot sjølinja, har derimot variert noko. Det er nærliggande å tru at det meste av denne bygningsmassa har blitt brukt til maritim- og fiskerinaering. Dei seinaste åra har derimot fleire av desse eigedommane blitt omregulerte til boligformål. Sjølv typologien er punkthus, i nokre tilfelle lamellar og punkthus, organiserte i hesteskøar. Dess lengre aust ein kjem, dess fleire jugendstilhus finn ein. Høgdene på



husalangs Nedre strandgata ligg på 3-5.etasjer. Bygga har butikkvindauge i 1.etasje, og mindre vindauge oppover i etasjene. Tilkomstane forekjem langs gata eller på gatehjørnet, der det er litt betre plass til å stå og prate.

Støynivået i aust opplevast ganske høg då bygga er høge, gata er ikkje spesielt brei og trafikkbelastninga og farta høg (60-sone). Det er ikkje ei spesielt triveleg eller trygg gate å gå i. Det er kanskje derfor det heller ikkje er mange opne butikkar langs vegen, sjølv om butikklokal i seg sjøle er sentrale. Denne teorien støttast av attraktiviteten til daglegvarebutikkane Kiwi og Rema 1000, som har svært god dekning på parkeringsplassar til kundane som kører forbi og handler daglegvarer på vegen heim.

Førebelser ser vi på trafikken som den største utfordringa i dette hjørnet av Skutvika, då den danner grunnlag for mange negative inntrykk: støy, utrygghet, trafikkstøv o.l. I kommunen sine barnetråkk har barna sjøle registrert området som eit trafikkfarleg punkt. Vi må klare å finne ei løysing på dette dersom vi vil gjere Skutvika om til ein god, trygg plass å bu.

I bilde nr.2 f.v. på denne sida ser ein også eit bilet av noko vi ser på som ein mogeleg identitetsberar for byen: å måle/dekorere/"aktivisere" endeveggane på ufullførte kvartal. Dette er noko byen sjølv ser ut til å ha tatt tak i, og seinast i 2015 fekk ein av elevane ved Ålesund Kunstfagskule måle "Måken" på ein av endeveggane ved den nye urbane leikeplassen langs Nedre Strandgate. Vi synest dette virkar som ein kreativ og enkel måte å engasjere fleire til å utforme og ta vare på byen sin.



ANALYSE

BYGGA I VESTLEG RANDSONE AV SKUTVIKA STRATEGI

BY- GREP



## VEST FOR SKUTVIKA

Vest for Skutvika er det veldig variert typologi. Langs høgdedraget i nordvest ligg ein godt vedlikehalden einebustad og eit staseleg og godt vedlikehaldt leilighetskompleks frå 1920. Vegg i vegg med desse flotte bygga ligg nokre store, firkanta industribygg i kvitpussa mur med reklame. På sørsida av den støy- og fartsfylte Nedre strandgate ligg det ein mindre godt vedlikehalden einebustad, omgitt av ein hage med store, flotte tre, men også søppel og rot. Dette bygget er av historisk verdi og er ein av dei eldste gardane på Aspøya.<sup>33</sup> Vi synest dette bygget, med det som kan bli ein flott hage eller offentleg rom, absolutt har potensiale som identitetsberar i ein ny bydel.

I sørvest, mot sjølinja, ligg som vanleg industribygg knytt til ulik maritim-

og fiskerinaering. Samtlege bygg langs starten av Kjøpmannsgata, med unntak av eit nyleg renoveret, er i dårleg forfatning og blir brukt til lagring og MC-klubb. Dette eine renoverte industribygget er aktivt og innegjerda, men gjerdet ned til sjøkanten er kun ope i opningstida til kontorbygget på innsida. Bygga langs Kjøpmannsgata er organiserte som lamellar med grøntareal i midten. Det er ikkje mykje liv i gatene her heller, sjølv om støynivået er vesentleg lågare.

Likevel er det nettopp desse bygningskroppane, langs Kjøpmannsgata, som har den sterkeste tilknytninga til industrien som har vore med å bygga opp Ålesund som by. Samanlikna med dei andre industribygga på øya er desse i ei særklasse når det kjem til sjel. Bygningane har ei røffhet og særegenhet som absolutt vil kunne vere med å styrke ein ny bydel. I Kvennanesplanen er dei rivne, men det ønsker vi definitivt å utfordre.

ANALYSE

SØRLEG RANDSONE AV SKUTVIKA



STRATEGI



BY- GREP




## SØR FOR SKUTVIKA

Sør for Skutvika ligg det ikkje nokon bygg, men der er likevel mange identitetsmarkørar. Sørsida er sjøsida, og der ligg piren, som har vore der sidan 1912, i over 100 år.<sup>33</sup> Dette er kanskje den viktigaste identitetsberaren i Skutvika. Den fungerer som eit landemerke, den har vore der over lang tid og den knyt seg opp mot både historisk og eksisterande industri.


Nokre andre strukturar som pregar Skutvika i sør er sjølvsagt containerane. Det har vore containerhamn i Skutvika dei siste 20-25åra<sup>34</sup> og i heile denne perioden har alle som bur på og ser bort på Skutvika frå Hessa, sett bort

på eit område i stadig endring. Containerane kan vere fråverande og gjere området flatt og eksponert, dei kan forme høge og ruvande strukturar som blokkerer sikt for enkelte. Vi skal ikkje sei i kva grad containerane er viktige, men dei kan absolutt vere til inspirasjon under utforminga av offentlege urbane rom. I utforminga av sjøpromenaden i Oslo har dei utnytta dette med stort hell. Særleg den urbane parken kalla Sukkerbiten (bak Operaen) har vekt interesse blant osloborgerane. Containerane brukast langs heile sjøpromenaden for å gje den ein gjenkjennbar identitet. På den andre sida er det kanskje ikkje så lurt å bruke containerar alikevel? Sidan dei gjer det i Oslo, ville det vel ikkje vore så unikt å gjøre i Ålesund? Akkurat dette må vi tygge litt vidare på...






Landskap og forbindelsar



KART ÅLESUND - MOA MED 5M HØGDEKOTERSTRATEGI


BY- GREP



Snitt A-A'

## FJELL OG FJORD-BYEN

Sunnmøre er ein landsdel kjend for sine høge fjell og djupe fjordar. Ålesund representerer dette godt med fleire toppar innafor bygrensa som går bratt ned i sjøen. Som vi kan lese på kartet til venstre, ser vi at høgdedraga går på langs, frå aust til vest. Dei høgaste partia ligg litt meir mot nordsida av øya og danner ei brattare nordside og ei slakkare sørsida. Det er langs denne sørsida mesteparten av bustadmassen og kommunikasjonslinjene ligg. På grunn av dette er det lite behov for tverrforbindelsar mot nordsida, der det for det meste kun ligg nokre industrianlegg. Toppunktet på Nørvøya ligg på Akslafjellet på 189 m.o.h., på Aspøya er det Storhaugen på 58,5 m.o.h. og på Hessa er det Sukkertoppen på 314 m.o.h.




Siktlinje + bilveg +  
menneske = 4  
Siktlinje + menneske = 6  
Kun siktlinje = 7  
Bilveg u/siktsone = 1



ANALYSE

TVERRGÅANDE FORBINDELSAR OG SIKTSØNSERSTRATEGI

BY- GREP



Snitt B-B'

## BYPLAN, TVERRFORBINDELSE OG SIKTLINJER

Då Ålesund brann ned i 1904 forsvann den tradisjonelle norske fiskeribyen til fordel for jugendstilbyen vi kjenner i dag. Midt oppi all elende var der derimot mogelegheiter - dei hadde no høve til å planlegge byen frå grunnen av, med moderne teknologi og tankegods. Ny reguleringssjef ing. Fr. Næser var på plass allereie i midten av februar og hadde klar forslag til regulering i slutten av mars same år. August 1904 førelåg ein vedteken, ny byplan, og månaden seinare var ny bygningsinspektør Henrik Nissen på plass, med sin assistent Sverre Pedersen.<sup>35</sup>

Byplanen baserte seg på det eksisterande gatenettet i byen. Det ideelle på den tida hadde vore å få planert ut ein del av terrenget, men byen hadde hverken tid eller pengar. Nettopp på grunn av dette samspelet med terrenget har dei klart å etablere flotte langsgåane siktlinjer og sørgd for at fleire har utsikt mot sør.

Akkurat når det kjem til siktlinjer, så er nettopp det poenget med dei: linjer ein kan sjå langs, men ikkje nødvendigvis ha tilgang gjennom. På grunn av terrengfallet har det ikkje vore vits i å lage vegar opp, så då har ein kun etablert gangsamband. Mange av dei er godt gjymde og bratte.



ANALYSE

LANDSKAPSANALYSE AV SKUTVIKA

STRATEGI

BY- GREP



## LANDSKAPSANALYSE - SKUTVIKA

Som navnet seier var Skutvika ei faktisk vik før den vart utfylt i fleire omgangar frå midten av 1950-talet. Før utfyllingane gjekk sjølinja der Nedre strandgate går i dag med ei kraftig terrengauke mot nord på 12-15meter. Området bestod av naust og idylliske einebustadar.<sup>36</sup>

Skutvikholmen fekk rundt 1915 ein molo, som i den historiske kartdatabasen står som "under oppføring" samme året. Neste kart frå 1929 er moloen førebels ferdigstilt. I kartdata frå 1947 er moloen forlenga ytterlegare og i flyfoto frå 1968 er moloen forsterka. Vi viser vidare til moloen som Skutvikpiren eller berre piren.<sup>36</sup> I flyfotoa er også Nedre strandgate forlenga mot vest og både dagens Rema 1000- og Kiwitomt er etablerte.

Nedre strandgate er i dag ein tungt trafikkert veg med 60-sone.

Både terrengefallet og den tungt trafikkerte vegen utgjer saman ei betydeleg hindring for å komme seg ned til Skutvika. Den tungt trafikkerte Nordre strandgate gjer det lite attraktivt for mjuke trafikkantar å komme seg til området, både frå aust og vest.

Det finnast per dags dato tre snarvegar frå Kirkegata ned til Nedre strandgate. (1) Ei lita, kronglete trapp på austsida av politistasjonen, (2) ein smal, asfaltert sti på vestsida av politihuset og (3) ei litt breiare trapp vest for dette igjen.



ANALYSE

GRØNTAREAL, VANNROM OG MØTEPLASSAR  
ÅLESUND

BY- GREP



## GRØNTAREAL OG MØTEPLOSSAR

Leikeplassar, grøntareal, turstiar og møteplassar er viktige urbane kvalitetar i ein by - har Ålesund nok av dette? I utgangspunktet virker det som byen i alle høve har rikelig med "råmateriale" i form av fjell, terrengfall og grøntområde i samband med dette. Byen ligg på øyer, så den har i utgangspunktet rikelig med sjølinje å tilby innbyggjarane.

Etter kartlegginga fann vi ut at byen har utnytta høgdedraga sine godt til turmål - særleg byparken og trappeløpet opp til fjellstova (Nørvøya) har nytt godt av eit kraftig ansiktsløft siste åra. Storhaugen har derimot ikkje blitt prioritert i fordelinga av midler og blir halde vedlike av dugnadstimane til Aspøya og Storhaugen velforening. Vi ser eit stort potensiale i Storhaugen og stien bak sansehaugen til eldreheimen og resten av småhaugane mot vest. Kanskje kan ein også nytte dei grønne taka på industrifabrikkane i

nord? Dette kan bli ein svært attraktivt og unik bykvalitet i Ålesund!

Tilgangen til sjø er sparsom og eksisterer kun i tilrettelagt format langs Brosundet. Elles er det nokre opningar mot sør som kun leier ned til tomme asfaltplassar, med eit unntak langs Quality Hotel Waterfront. All tilgang til sjø er gjerdar inne frå Skutvik til spissen av Kvennaneset. Langs sjøkanten på nordsida er det ikkje attraktivt å gå, då områda ber preg av industrien og føles ujestmilde. I tillegg går det ikkje an å gå rundt øya, grunna eit gjerde nordaust, i enden av Moljavegen.

Dei litt større plassane i byen har nokre fellesnemnerar: flatt og grått, med nokre statuer. I nokon grad klarer plassane å hente seg inn igjen med fin utsikt og mogelegheiter for å sitte. Likevel opplev ein dei ikkje som attraktive og plassane er ofte tomme. Kanskje eit program eller ein klarare identitet hadde hjelpt?



GANGSAVSTANDAR FRÅ SKUTVIKA

STRATEGI

BY- GREP

## AVSTANDAR FRÅ SKUTVIKA

Vi har alltid tenkt at Skutvika har ei sentral plassering ut frå kartmateriala og erfaringane vi har gjort ved å gå til og frå, men kor sentralt er det *eigentlig*? Vi har gjort eit forsøk på å få svar på dette ved å ta utgangspunkt i den nordaustlege delen (Rema 1000) og at ein voksen går 400 meter på 5 minutt.

Ut frå denne 5-minuttssirkelen ser vi at vi ikkje har nådd bysenteret, men vi når fine turmål som Storhaugen, stien som går langs sansehagen til eldresenteret og såvidt Aspøy barneskule, samt barnehagane. Vi når også på tvers av øya i nord-sør-gåande retning. Ut frå 10-minuttssirkelen har vi nådd litt forbi Brosundet (vi brukte 8min hit) og nesten bort til det nye

bussknutepunktet som er planlagd i Kongens gate. Det viktigaste å merke seg er kanskje at vi når rundt så å seie heile Aspøya, også konkluderer vi med at Skutvika ligg svært attraktivt til for å tilby ein rekke aktivitetar og tenester for alle som bur på øya.

Vi merker oss særleg at å gå aust-vest er mindre tidkrevjande enn nord-sør, då tverrforbindelsane i stor grad kun består av bratte bakker. Denne bevegelsen vil derfor kreve noko meir tid og kondis. Det samme gjeld for sykkelen. Sykling aust-vest er lett, men det nord-sør vil vere ei utfordring og vil for mange bety at ein går av sykkelen i desse bakkane. Vi merker oss også at det er mindre framkommeleg på tvers av øya med sykkel, då mange av snarvegane er trange trappeløp. Å ha med sykkelen vil dermed føre til at ein kanskje må ta nokre omvegar.



ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



Næringsliv og viktige bygg



ANALYSE

FORENKLA REGULERINGSPLAN


STRATEGI


BY- GREP

## NÆRINGSLEV I FORENKLA REGULERINGSPLAN

Fiskeri og maritimt næringsliv har danna grunnlaget for Ålesund som by.<sup>37</sup> Kor viktig desse næringene er reflekterast godt i reguleringsplanane. Utviklinga dei siste tiåra har derimot vore at den samme næringa ikkje har hatt like stort arealbehov langs sjøfronten. Reguleringsplanen har derimot ikkje oppdatert seg i høve til denne utviklinga og reflekterer framleis ei prioritering av næringsliv og industri på dei sjønære areala. Dette er Ålesundarane no villige til å endre på, for å kunne gjøre Ålesund til ein meir attraktiv by.

# ANALYSE





## OFFENTLEGE INSTITUSJONAR

Denne analysen viser kor dei nødvendege og daglegdagse måla for innbyggjarar i Ålesund er. Politistasjonen/tinghuset er spesielt viktig mtp. tomta vår. At der er ein del barnehager er også relevant, og ikkje minst Aspøy skule, som i dag har 170 elevar og i følge kommunens nettside, i si tid vart bygd med 31 klasseværelser, pluss spesialrom. Det ble også innreidd lokaler for tannklinik, skolelege, skolemåltid og skulekjøkken. I kjellaren ble det bygga bad med symjebasseng. På det meste hadde Aspøy skule 1100 elevar.<sup>37</sup> Det er ikkje full barnehagedekning i Ålesund.<sup>38</sup>

ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP





ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



Trafikk




BILGATEKART OVER ASPØYA

STRATEGI

BY- GREP

— Tovegskjørt  
— Einvegskjørt

Dagens trendutvikling:  
2010 til 2030



## TRANSPORTANALYSER

Det vart gjort ei transportanalyse i Ålesund 2010 (referansel) i samband med oppstarten av planlegginga til bypakken. I denne analysa kom dei fram til at biltrafikk vil auke, mens kollektiv og gåande vil synke. Sykkelen vil stagnere på latterlege 3%.

50 % av reisande skjer mellom Ålesund sentrum, Moa/Spjelkavik og Blindheim/Flisnes


Halvparten av reisene er under 4 km. 6% av disse bruker bussen innan dette området

Norsk bane gjorde (referansel) ein analyse av mogelegheita for bybane i Ålesund til Moa konferansen i 2014, i denne kom dei fram til at bypakken ville satse på bil, veg og meir veg inn til sentrum. Dette vil kun føre til meir trafikk.<sup>40</sup>

Tiltaka frå kommunen si side er å foreslå bypakke og legge til rette for parkeringsfjell i Akslafjellet (under Fjellstova) for å sørge for bedre parkeringsdekning i bykjerna.

Det har lenge vært konflikt med lite parkering i bykjena og mange butikkeigarar er redde for å miste kunder dersom det ikkje er parkering. Ut frå ein undersøkelse gjort av vegvesenet viser det seg at bilistane legger igjen større beløp per handletur, men at ei rekke undersøkelser viser at bilistane kjem sjeldent tilbake. Syklistar og fotgjengarar handler for mindre per tur, men handler til gjengjeld oftare enn bilistane. Bilistane legger dermed igjen mindre penger i butikkene per uke eller år, sammenliknet med gåande, syklende og kollektivreisende.<sup>41</sup>

Det største uromomentet for bil i by i Ålesund er lite parkering og kork over bruene i rushtida. Også tungtrafikk gjennom bykjerna. Bussane går i samme trasé som bil og kjem derfor seinare fram enn bil.




ANALYSE

ANBEFALT LINJE FOR KOLLEKTIVSATSING

STRATEGI

BY- GREP






ANALYSE

PARKERING I BYKJERNA

STRATEGI

BY- GREP



0,47 personbil pr. innbygger = 1600 biler på Aspøya! <sup>40</sup>


1600biler x 10m<sup>2</sup> = 16 000m<sup>2</sup> til parkering



## PARKERING

Denne registreringa viste oss kor mykje parkering det er i gatene på Aspøya. Ålesund kommune har hatt problem med å finne sykkeltrasséer over Aspøya, og me stiller oss spørsmål om ein må tenke nytt rundt gateparkering. I tillegg er det eit problem på vinterstid med brøyting.

Parkering er i dag eit stort problem i Ålesund. Det er heilt vanleg med gateparkering og det er få gater som ikkje har eit sterkt preg av parkering.





## KOLLEKTIVSAMMUND

Av kollektivalternativ i Ålesund finnast det buss og båt. Det er to bussruter som går på Aspøya: 618 og 624, frå Hessa og til Moa, og vidare til Magerholm (med fergeforbindelse vidare til Sykkylven). Dei går ikkje ofte - ein gong i halvtimen og ein gong i timen, med unntak av i rushtida. Det finnast ikkje kollektivfelt i Ålesund, så bussen går like treigt som biltrafikken gjennom bysentrum i rushtida. Då er derimot båtsambanda ut til øyene meir effektive, men det er sjølv sagt eit stykke å gå frå Skutvika (10-15 minutt).


Busstoppa på Aspøya er ikkje spesielt attraktivt utforma. Nokre er standard busstopp med ei søppelbøtte, men vi finn også busstopp utan leskur. Dette verker ikkje særleg attraktivt i vérharde Ålesund. Ei fin og praktisk utforming av desse stoppa kan kanskje gjere terskelen for å ta bussen litt lågare? I tillegg kan slike busstopp fungere som uformelle møteplassar.



ANALYSE

ÅLESUND KOMMUNE SI BARNETRÅKKREGISTRERING

BY- GREP



## ÅLESUND FOR GÅANDE OG SYKLANDE

Ålesund registrerte i 2014 barnetråkk blant 6.klasse på Aspøy skole. I ei av analysene viste det seg at mange opplev hovudvegen til og frå skulen som utrygg og skummel. Det er ikkje nokon som har registrert at dei bruker Nedre strandgate (gata som går forbi Skutvika) som skuleveg. Samme rapport viser også at det er eit fåtal av elvane ved Aspøy skule som bur på Aspøya. Dei fleste må pendle til og frå skule og fritidsaktivitetar. Difor er denne analysa særleg viktig for å kunne utbetre skulevegen/fritidsvegen til desse barna.<sup>42</sup>

Det finnast ikkje tilrettelagde sykkeltrassear for syklistar i Ålesund.





ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP




Klimatiske tilhøve





Solvinkel vinter = 6<sup>45</sup>  
Solvinkel sommar = 51<sup>45</sup>



## VIND, SOL OG TEMPERATUR

Generelt kan ein seie at det er ganske vérhardt på norskekysten og dette gjeld også for Ålesund. Det er ikkje uvanleg å høyre ein Ålesunder beskrive regnretning, då regnet kanskje oftare kjem horisontalt enn vertikalt. Véret er eit hyppig brukt argument for behovet for bil. På den andre sida har vi sett at det kanskje kan vere enkle løysingar på dette problemet, eksempelvis ved å lage litt fleire busshaldeplassar med ly for vind og vér. I tillegg kan vérvante Ålesundarar også tolerere meir enn andre. Dei er vande med å tåle noko meir dårlig vér enn mange andre.

VIND. Hovedvindretning vinterstid kjem frå sørvest, og det er viktig å skape rom som er skjermer mot denne vinden. På sommarstid er hovedvindretninga frå nordaust. Høgdedraget på Aspøya skjermer naturlig for den verste vinden i denne retninga.<sup>43</sup>

VANNSTANDEN om vinteren varierer pluss/minus ein meter. Ein meter opp ved flo og ein meter ned ved fjøre, altså 2 meter høgdeforskjell. Om sommaren er denne forskjellen redusert til 0,5 meter.<sup>44</sup>

SOLA er oppe 20 timer på sommaren, og litt under 5 timer i desember. Solvinkelen vinterstid er 6 grader i desember og 51 grader i juni om sommaren.<sup>45</sup>

TEMPERATUR. Gjennomsnittstemperaturen sommarstid er 8,9 grader, haust er 3,2 grader, vinterstid -2,9 grader og på våren er gjennomsnittstemperaturen på 0,9 grader. Dette gir ein årstemperatur på 2,6 grader i snitt. Følt temperatur er ofte noko lågare, då det er mykle vind i Ålesund.<sup>46</sup>

NEDBØR. Snitt på årsnedbør (tall for Skarbøvika) siden jan. 2008 er 1,389.10 mm<sup>47</sup>

Kjelder til tekst:

43 Windfinder.com

44 Planbeskrivelse Ålesund sentrale sørside

45 Timeanddate.no

46 Yr.no

47 Servicesenteret.as




ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



Menneska



## HARALD GRYTEN

*Om Harald Grytten:*

*Han er utdanna med nordisk hovudfag, har vore styrar for Ålesund Museum i 20 år, er ein kjend byhistorikar og har gjeve ut mange bøker om Ålesund.*

*Kva forbinder du med Skutvika?*

Namnet kjem naturleg nok av at det var hamn for skuter her. Før Nedre strandgate kom var det det ein badeplass der. Det låg også eit verft der som flytta til Steinvågen då vegen kom. Det var gjørmete botn og grunne. Det skal også nemnast at det har vore ein ein avfallspllass for skip, der dei kvitta seg med gamle skipsrekvisitter. At plassen blei utilgjengelig skjedde nyleg. Kanskje 2006-07?

*Kva får ein Ålesunder til å hive seg på sykkelen framfor inn i bilen?*

Ålesunderar ELSKAR bilen. Det er ein liten by, og eg hugsar då det vart planlagt gågate i sentrum. Det blei ramaskrik!

*Var alt bedre før i tida?*

Vi har det mykje betre no. Tidlegare budde me tettare, med rundt 30 personar per hus, med ein større tettleik, med sykling og gangavstad til jobben.

*Kva tenker du om Moa og sentrum?*

Eg vil ikkje at me skal gå tilbake 50 år, og at sentrum skal vera slik det var då. Kulissene i bykjerna må brukast til dagens behov. Og eg har ingenting imot Moa.

*Korleis fungerer dei ulike bydelane i Ålesund ovanfor kvarandre?*

Før hadde dei innomsund og utomsund sine eigne lister til politikarane. I dag er det annleis. Kvennaneset var ein getto. Steinvågen var lenge eit sosialt belasta område. Hessa blei ein meir definert bydel i -53 etter at Steinvågbrua kom.

Nørvøya, buholmen og bak "fjellet" var ein eigen bydel. Kirkegata var på ein måte ingenmannsland. Felles for alle var at dei fleste fedrene var handverkerar eller skipsarbeidarar fram til 60 talet. St.Hans båla viste klart kva bydel ein tilhørde. Alle hadde sine, utanom dei bålville og dei bål-lause som me kalla dei. Dei bålville visste ikkje kva bål dei høyrd til og dei bål-lause var rett og slett uinteresserte. I dag viskest bydelane meir ut og dette synes eg er ein styrke.

*Kva gjer ein Ålesunder til ein Ålsunder?*

I 30- åra var det ein herlig, og ærleg debatt kring dette spørsmålet. Dei

konkluderte med at ein måtte vera fødd i Ålesund. Journalisten refererte frå møtet at ein også måtte vera unnfanga i Ålesund...! Sjølv synes Grytten at ein er ein Ålesunder dersom ein har hjarta for Ålesund. Ein må engasjere seg for byen sin!

*Kva er favorittbyggane dine i byen?*

Kyrkja og Latinerskulen

*Kva synes du er det/dei styggaste bygga i byen?*

Tinghuset og pastisjehusa (husa som prøver å etterlikne jugedstilbebyggelsen) som var bygd i midten og slutten av 70-åra. Unngå kopiering!

*Kva gjør du i byen?*

Går til rådhuset, biblioteket, snakker med folk, ser om dei har fått inn nye strømper på Dale, går til skreddaren og går ut og et på restaurant eller på café.

### *Om Storhaugen og Aspøya velforening*

*Det er ei forening av folk som bur på Aspøya/Ålesund sentrum som jobber med dugnadsarbeid for eit godt miljø. Dei er også, etter vårt inntrykk, engasjerte politisk i Ålesund for å skaffe penger til vedlikehold av spesielt turområdet Storhaugen.*



### STORHAUGEN OG ASPØYA VELFORENING

Storhaugen velforening består av ei gruppe som saman tek vare på grøntområdet Storhaugen på Aspøya. Etter vi hadde fått presentert oppgåva vår i Sunnmørsposten tok blant anna to (Karl Herman Valderhaug og Asbjørn H. Johansen) frå denne foreninga kontakt med oss for å snakke om Aspøya og utvikling av byen. Dei fortalte at Storhaugen var flott då dei vaks opp, med roser og anna beplantning. I dag blir Storhaugen nedprioritert. Kommunen seier dei ikkje har pengar, og bidreg med å kippe plenen to gonger i året. Ellers tek velforeninga vare på Sorhaugen. Her oppe har dei arrangert både sommarshow og juletrefest årleg.



*Kva forbindar dei med Skutvika?*

Strandas bergningssselskap. Der nede fann ungdom gamle båtar og bygde dei om. Me kalte dei havørn 1, 2 og 3. Me bygde også hytter der nede av gamle materialer me tok.

*Korleis fungerer dei ulike bydelane i Ålesund ovanfor kvarandre?*

Me hadde gatekonkurranse til 17-mai. Det handla om å pynte finast, og vinnaren fekk eit stort langbord. Dette hugser eg var i -81, -82, 83.. Giskegata og øvre Strandgate var dei finaste gatene. Me hadde også gatekrigar, og dette var blodig alvor.

*Storhaugen var flott då dei vaks opp, med roser og anna beplantning. I dag blir Storhaugen nedprioritert.*

*Kan dykk fortelje litt om korleis det var å vekse opp på Aspøya?*

Me leikte mykje. Spesielt ved Mikkelen og på Storhaugen, men også nede ved sjøkanten, som fortald tidlegare. Me hadde hoppkonkurranser og indianarleir. Dei finaste jentene fann ein i ringgata. På Steinvågen, der Bunnprisen er i dag var eit samlingspunkt for den bydelen. Her var det ein del alkoholbruk. Eg hugser ein med navnet Steinar Sylte som var ein racer på trompet og spelte titt og ofte der.

Vi brukte også Daabakken ved Maxbo som hovedbakken for å renne på kjelke/akebrett. Då stengde me av for bilar og rann så fort me kunne ned frå Storhaugen. Nokre hamna på sjøen!



### *Om Jugendstilsenteret*

*Jugendstilsenteret gjev eit innsyn i stilarten gjennom autentiske interører, multimediasamlingar og skiftande utstillingar. Dei jobber også med dokumentasjon, digitalisering, tilgjengeliggjering og rådgivning.* <sup>48</sup>

### JUGENDSTILSENTERET

Vi fekk møte Ingvil Eilertsen Grimstad (41) og Bendikte Holen (31), frå Jugendstilsenteret i Ålesund for å høre litt om kva dei tenkte kring utvikling av byen. Vi fann raskt ut av dette var interessant på mange måtar fordi Bendikte hadde vakse opp på Aspøya og Ingvil hadde budd der med småbarn. Bendikte held på med ei utstilling om "byen som ikke ble/kunne ha blitt" der ho viser tegningar av mange planar som aldri blei realisert i Ålesund sentrum. Dei skal også dra i gong eit lite "pop-up"-prosjekt der dei jobbar med mellomrommet i byen. Mellom Jugendstilsenteret og Kube skal dei eksperimentere med ulike aktivitetar/uttrykk kring kva mellomrom kan brukast til. Urban hage, café, og skatepark er eksempel på dette.

### *Kva forbinder dykk med Skutvika?*

Skutvika er på mange måtar bakgården på Aspøya.

*...dei unge kjem tilbake til Ålesund fordi dei vil ha noko anna enn storbyane Bergen og Oslo*

*Kva tenker dykk kring byutviklinga i Ålesund?*

Utviklinga er og har vore prega av sterke private aktørar som utvikler bit for bit av byen. Vi manglar ei heilskapleg tenking. Ein er nøydd til å ha ei utvikling og byggje ut der ein kan. Viktig å fokusere på bruksromma.

*Kva tenker dykk kring jugendstilen og ei bruk av denne i vidare byutvikling?*

Arkitektur hører til samtidia! På 80-talet var det fokus på heilskap og mange kopierte jugedstilbygg i infill-prosjekt. Det er viktig å sjå på omgivnadane, men vi meiner at kopiering blir feil. Det går an å la seg inspirere. Jugedstilen hadde fokus på naturen, ein kan f.eks ta med denne tankegangen i ei vidarutvikling av byen.

*Kva tenker dykk, som innbyggjarar i byen om at barnefamiliar flytter ut av bykjerna? -og kva kan me som planleggerar gjera for å gjera det meir attraktivt for dei å bu i sentrum?*

*"Det finnes store kontorbygggnignar på Nørøya som burde vore bustadar"*

Folk i Ålesund er vande med rom og "space", og på Aspøya er det gamle hus, med lite rom/luft mellom. Ålesund er ein langstrakt by, med relativt mykje plass, og mulighet for å realisere draumen om einebustad. Ingvil budde sjølv på Aspøya med eit lite barn, men flytta ut av bykjerna for å få meir plass rundt seg. Bendikte fortel at Aspøya hadde rykte på seg for å vera litt "skummel". Kirkegata spesielt. Dette var nok på grunn av sosialbustadane som var der, og det gjekk rykte om rusmissbrukerar. Øvre Strandgate var ok. Dei reflekterer kring dette og lurer på om det er for mange innvandrarar der som silit med å integrerast og at der er store sosiale forskjellar.

Bendikte trur at dei unge kjem tilbake til Ålesund fordi dei vil ha noko anna enn storbyane Bergen og Oslo. Begge meiner at me treng innvandring for å utvikle byen. Nørøya har også stort potensiale for utvikling. Det finnes store kontorbygggnignar som burde vore bustadar. Ein må ha ein mix av folk og bygningstypologiar.



## EIT TILFELDIG MØTE PÅ EIN CAFÉ

Heilt tilfeldig fekk me eit intervju med Maibritt Bjørlo Henriksen (52). Ho er utdanna arealplanleggar, men har jobba som journalist. Hennar eldste dotter er 14 år. Ho er oppvokst i Ålesund, men budd litt her og der gjennom livet, inkludert Ålesund med familie.

### *Kva tenkjer du kring byutvikling i Ålesund dei siste åra?*

Vi har ei fantastisk arv her! Eg har budd mykje vekke og har sett at det har blitt ei auka bevissgjering kring byen sin eigen verdi. Då fuglefjellet blei sprengd vekk var eg 6-7 år, og i ut frå denne hendinga begynte eg å engasjere meg for politikk og byutvikling.

*Då fuglefjellet blei sprengt vekk var eg 6-7 år, og i ut frå denne hendelsen begynte eg å engasjere meg for politikk og byutvikling.*

*Kva tenker du kan bidra til å skape ein betre by?*

Fleire butikka, møteplassar opne rom og ein grønnare by. Ålesund har ein tendens til å strekke seg ut, så å samle/begrense byens omfang er viktig. Dei siste åra har dei redusert busstoppa i bykjerna. Dette bidrar ikkje til å kontrollere bilane. Det er viktig å ha fokus på bussen i byen! Før var fisketorget fullt av folk, men i dag får ein ikkje ein fiskebutikk til å løna seg. Kva har skjedd? Er det tilboda i daglegvarebutikkane som er for gode?

*Korleis, trur du, ein kan få barnefamiliar til å komme tilbake til bykjerna?*  
Eg trur trygghet er eit nøkkelord her. Gode leikerom, men ikkje kun tilrettelagde leikeplassar. Kanskje det går an å skape fleire rom med fokus på vatn og vind? Meir vitskapsbaserte leikerom.

*Kva tenkjer du med omsyn til stadsidentitetane til Ålesund og ei*


*framtidig, byutvikling?*

Ålesund held på å få ein ny identitet ved NTNU - ein akademisk og kunstnerisk karakter. Sjølv om dette held på å skje må ein halde på jugendstilbebyggelsen, men berre bruke kulissane på ein anna måte. Kanskje resten av byen "lid litt" under jugendstil-imaget? Moloveien er eit døme på dette. Her har ein fokus på teater og kunst, men sjølv eg som vaks opp i byen visste ikkje om tilbode før no nyleg. Eg meiner Ålesund er ein meir interessant by no enn tidlegare. Ålesund er kanskje metta med tanke på butikkar, men ein kan løfte fram ein ny identitet! Kan dette bli ein grønn by? Det har dei siste åra vist seg å vera ein stor interesse for dette i byen. Dette kan ein blant anna sjå under den årlege byvandringa 23.januar i anledning bybrannen.

ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



## REFERANSER TEKST

---

- 1 Statistisk sentralbyrå sine nettsider: <http://www.ssb.no/248688/tettsteder.folkemengde-og-areal-etter-kommune.1.januar-2015>. (hentet 10.mai 2016)
- 2 Ålesund kommune sine nettsider: <http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/om-kommunen/tall-og-statistikk#rekorder-fra-ålesund> Sunnmørsposten (hentet 10.mai 2016)
- 3 Vitsit- Ålesund sine nettsider: <http://www.visitalesund-geiranger.com/no/Jugendstilbyen-Alesund/Norges-vakreste-by/> (hentet 10.mai 2016)
- 4 Sunnmøre museum sine nettsider: <http://borgundgavlen.no/om-oss-3/middelaldermuseet/> (hentet 10.mai 2016)
- 5 Ålesund historielag sine nettsider: <http://www.aalesundhistorielag.org> (hentet 10.mai 2016)
- 6 Wikipedia: [https://no.wikipedia.org/wiki/Bybrannen\\_i\\_Ålesund\\_1904](https://no.wikipedia.org/wiki/Bybrannen_i_Ålesund_1904) (hentet 10.mai 2016)
- 7 Sunnmørsposten: Torsdag 4.februar 2016
- 8 Ålesund kommune:<https://www.alesund.kommune.no/sub/aspoys/bs/om-skolen/historie> (hentet 10.mai 2016)
- 9 Ålesund kommune: [http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/Hoeringer/K-areaaldel/Vedleggshefte%20B\\_KU\\_Samlet%20vurdering.pdf](http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/Hoeringer/K-areaaldel/Vedleggshefte%20B_KU_Samlet%20vurdering.pdf) (hentet 10.mai 2016)
- 10 Ålesund kommune: <http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/om-byen/byhistorie/tidsreise/3213-1830-1850-alesund-far-bystatus> (hentet 10.mai 2016)
- 11 Sunnmørsposten sine nettsider: <http://www.smp.no/nyheter/alesundogomland/article8507097.ece> (hentet 10.mai 2016)
- 12 Urbanet analyse: rapport 29/2012, Katrine N Kjørstad og Konstantin Frisen. 2 Bybane i Ålesund, forprosjekt. Utført av Norsk Bane.
- 13 Bybane i Ålesund, forprosjekt. Utført av Norsk Bane.
- 14 Ålesund kommune sin Årsrapport 2014@
- 15 Ålesund kommune sine nettsider: <http://www.alesund.kommune.no/aktuelt/81-aktuelt/nyheter-pa-hovedsiden/6434-alesunds-sentrale-sorside> (10.mai 2016)
- 16 Sunnmørsposten: <http://www.smp.no/nyheter/article439419.ece>, publisert 17.03.2012, (hentet 10.mai 2016)
- 17 Ålesund kommune sine nettsider: <http://www.alesund.kommune.no/tjenester/samfunnsplanlegging/utviklingsprosjekt/7254-alesund-byen-som-regional-motor>, publisert 8.juni 2015 (hentet 10.mai 2016)
- 18 Ålesund kommune sine nettsider: <http://www.alesund.kommune.no/tjenester/samfunnsplanlegging/styrende-planer/kommuneplan>, publisert 09.mars 2016, (hentet 10.mai 2016)
- 19 Ålesund kommune sine nettsider: [http://bybrann.no/?page\\_id=536](http://bybrann.no/?page_id=536) og <http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/om-byen/byhistorie> (hentet 10.mai 2016)
- 20 Punkt 3 i Toronto-erklæringa frå 1994, henta frå Jugendstilsenteret sine nettsider.
- 21 Ålesund kommune sine nettsider og møtet med jugendstilsenteret
- 22 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
- 23 Forelesning ved NTNU av Eli Støa, <https://www.ntnu.no/wiki/download/attachments/35684382/typologier.pdf?version=1&modificationDate=1317740519000> (hentet 10.mai 2016)
- 24 Ålesund kommune sine nettsider: [http://bybrann.no/?page\\_id=536](http://bybrann.no/?page_id=536) og <http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/om-byen/byhistorie> (hentet 10 mai

## REFERANSER TEKST

2016)

25 Bybranner.no (hentet februar 2016)

26 Wikipedia sine nettsider: [https://nn.wikipedia.org/wiki/Aspøya\\_i\\_Ålesund](https://nn.wikipedia.org/wiki/Aspøya_i_Ålesund) (hentet 10 mai 2016)

27 Wikipedia

28 Kjeldstadli, 1995

29 Hull, 1993

30 Swensen, 2009

31 Akerhaug, 2009

32 Urbanet analyse rapport 29/2012 OG RTM, Katrine N Kjørstad og Konstantin Frisen.

33 Finn: [http://kart.finn.no/?finnkode=30481068&adType=SALESOBJECT&title=lvar+Aasens+gate+21%2C+6005+%C5lesund&mapType=finnvector&showPin=1&utm\\_mx=43745&utm\\_my=6957915&geoa=9](http://kart.finn.no/?finnkode=30481068&adType=SALESOBJECT&title=lvar+Aasens+gate+21%2C+6005+%C5lesund&mapType=finnvector&showPin=1&utm_mx=43745&utm_my=6957915&geoa=9) (hentet 10.mai 2016)

34 Intervju med havnevesenet

35 bybrann.no, Gjenreising → Arkitektur i Ålesund 1904 – 1907 (hentet februar 2016)

36 Finn.no/historiske kart (hentet 10. mai 2016)

37 Ålesund kommune sine nettsider: <http://www.alesund.kommune.no/tjenester/trafikk-reiser-og-samferdsel/591-aalesund-kommune/historie/3385-fiskerihistorie> (hentet 10.mai 2016)

38 Ålesund kommune sine nettsider: <https://www.alesund.kommune.no/sub/aspoysb/om-skolen/historie> (hentet 10.mai 2016)

39 Nyttiuka.no: <http://www.nyttiuka.no/default.aspx?menu=617&id=41517> (hentet 10.mai 2016)

40 urbanet analyse rapport 29/2012 OG RTM, Katrine N Kjørstad og Konstantin Frisen

41 Vegvesenet: [http://www.vegvesen.no/\\_attachment/1056129](http://www.vegvesen.no/_attachment/1056129), side 1 (hentet 10.mai 2016)

42 Ålesund kommune, Barnetråkkrapport

43 Vind: [http://www.windfinder.com/windstatistics/alesund\\_vigra](http://www.windfinder.com/windstatistics/alesund_vigra) (hentet februar 2016)

44 Planbeskrivelse Ålesund sentrale sørside, side 18

45 Sol: <http://www.timeanddate.no/astronomi/sol/norge/alesund?maaned=6&aar=2015> (hentet februar 2016)

46 Temperatur: [http://www.yr.no/sted/Norge/Møre\\_og\\_Romsdal/Ålesund/Ålesund/klima.html](http://www.yr.no/sted/Norge/Møre_og_Romsdal/Ålesund/Ålesund/klima.html) (hentet februar 2016)

47 Nedbør: <http://www.servicesenteret.as/weather/normal.php> (hentet februar 2016)

48 Jugendstilsenteret: <http://www.jugendstilsenteret.no/jugendstilsenteret/om-jugendstilsenteret> (hentet 10.mai 2016)

## REFERANSER BILETA/ILLUSTRASJONAR


- 1 Finn.no/kart.(10. mai. 2016)
- 2 Ålesund kommune sin Årsrapport 2014
- 3 Sentrale sørside,Jaja arkitekter: [www.aalesund-chamber.no/download.aspx?object\\_id...](http://www.aalesund-chamber.no/download.aspx?object_id...)
- 4.Trehusteikningane er teikna av Terje Olsen til boka Trebyen i Ålesund.
- 5 Reguleringsplanen er kopiert frå Ålesund kommune sine sider
- 6 Dugnadsbilde henta frå <http://www.smp.no/nyheter/alesundogomland/article472465.ece>
- 7 Jugendstilsenteret.no



ANALYSE

STRATEGI

BY- GREP



VEDLEGG

1 Miljørapport

## SKUTVIKA:



Dagens formål: Havneområde

Foreslått formål: Bolig og friområde

Størrelse: 42 daa

Forslagstiller og tiltak: Ålesund kommune vil tilrettelegging for en ny sentrumsnær boligbydel og flytting av havneområdet ut av Ålesund sentrum

**Miljø:** Støy og forurensing. Siden havnevirkosmheten fjernes, vil denne støykilden fra dagens containerhavn også forsvinne. Brosundtunnelen vil munne ut rett nord for området, og ha en viktig forbindelse til Kvennaneset via Kjøpmannsgata. Her vil det være en del trafikkstøyproblematikk. Nordre del består av utfylte masser, søndre del er kaikonstruksjoner i sjø. Området er registrert med mistanke om forurenset grunn.

**Kulturlandskap og landskap:** Forslaget har ingen konsekvens for landskapsbilde da området allerede er bebygd. Etablering av friområde og bolig gir området et løft.

**Naturmangfold:** Det er ikke registreringer innenfor området i Naturbasen eller på Artsdatabanken.

**Nærmiljø, grønnstruktur og friluftsliv:** Ingen eksisterende overordnet grønnstruktur i området. Det er positivt at man legger til rette for tilgang til sjøen.

**Transportbehov og klima:** Dette vil være en sentrumsnær boligbydel, med korte gang- og sykkelavstander til et mangfoldig service- og kulturtilbud i bysentrum. Dette innebærer lavt transportbehov og reduserte klimagassutslipp i forhold til mer spredt og bilbasert utbygging.

**Teknisk infrastruktur:** Avløp; Kommunalt ledningsnett i Nedre Strandgata. Må etableres internt ledningsnett og infrastruktur for betjening av bebyggelsen samt pumpestasjon(er) for spillvann for overføring til kommunalt nett og renseanlegg i Skutvika. Kapasitet må vurderes. Eks. kommunale avløpsledninger i området må trolig omlegges / forlenges. Overvann håndteres lokalt og helst i åpne løsninger gjennom friområdet. Vannforsyning: Tilstrekkelig kapasitet for på det kommunale ledningsnettet.

**Tjenestebehov:** Området ligger innenfor opptaksområde for Aspøy skole. Her er det god plass til å øke tallet på elever. Det er to barnehager på Aspøya.

**Samfunnssikkerhet og sårbarhet:** Skader som følge av sterk vind, ekstremvær og stormflo blir ivaretatt av gjeldende lover og forskrifter; Forventet havnivåstigning gir større flomfare; Flere bedrifter som bruker ammoniakk er kartlagt ca. 500 m vest og ca. 300 m nordvest for området. En registrert bedrift ligger i Skutvikområdet; Avgrenset problematikk knyttet til påkjørsel fra nytte- og cruisetrafikk i området vil måtte vurderes; Tilstrekkelig kapasitet for slukkevann på det kommunale ledningsnettet.

**Konsekvenser for næringslivet:** Havneareal fjernes, men samtidig økes havneareal på Flatholmen. Det er et mål å frigjøre attraktive sentrumsarealer til byutviklingsprosjekter, og unngå konflikter mellom havneaktivitet og

transport til og fra havna gjennom smale bygater. Det vil derfor være bra både for sentrumsutviklingen og havna å flytte havneaktivitet fra sentrum til Flatholmen.

### **Bokvalitet og estetikk:**

Området ligger sørveidt med umiddelbar nærhet til sjø. Tomta er flat, og ny bebyggelsesstruktur må sikre gode solforhold både på felles og private uteareal og i boenheter. Bebyggelse bør utformes på en måte som gjør det trivelig for allmenn ferdsel langs sjøfronten. Gode muligheter for trygge og gode leke- og uteoppholdsarealer. Kort vei til skole, dagligvare, fotballbaner, kollektiv og friområder i nærområdet, men trafikkert vei må krysses.

**Forholdet til strategi for framtidig arealbruk:** Det er langsigkt mål å tilrettelegge for havneaktivitet og å frigjøre sentrumsnære arealer til byutvikling. Positivt. Området er sentrumsnært og i tråd med målsetting om fortetting i sentrumsnære områder.

### **Samlet vurdering og ev. avbøtende tiltak/ev. alternativer**

Reguleringsplan må avklare alle forhold som anses relevante ved planoppstart, men konsekvensutredningen peker på følgende avbøtende tiltak:

- Krav om grunnundersøkelser og støyvurdering ved regulering
- Tilrettelegging for lokal overvannshåndtering, grønnstrukturen (kvartalslek og nærelk) og sikring av offentlig tilgjengelig sjøfront ved regulering
- Trafikksikker veg til skole og andre offentlige tjenestetilbud må vurderes
- Fare for ammoniakklekkasje og havnivåstigning må vurderes ved regulering

### **Konklusjon**

Utbygging av dette området får små konsekvenser for de fleste temaene og vil være et løft for Ålesund sentrum.